

Retningslinjer for ekstern fordypningspraksis i klinisk nevropsykologi

Målsettinga med den klinisk nevropsykologiske fordjupingspraksisen er å førebu studentane til arbeidsoppgåver dei seinare vil få som yrkesaktive psykologar innan helsevesen eller i andre samanhengar der nevropsykologisk kompetanse kan vere relevant.

Praksiserfaringa skal utvikle studentane sine teoretiske og praktiske kunnskapar om psykologiske konsekvensar av sjukdom og skade i sentralnervesystemet.

Det vil bli lagt vekt på å utvikle deira analytiske evne og styrke kompetansen når det gjeld differensial diagnostiske, behandlingsmessige og fagetiske problemstillingar.

Studentane skal auke si erfaring og fordjupe sine kunnskapar og dugleikar når det gjeld kunnskap om dei forhold og tilstander som kan vere av verdi for å vurdere åtferdsendringar og effekt av behandlingstiltak.

Studentane skal få erfaring når det gjeld rådgjeving, tilbakemelding og forklaring av undersøkingsresultat.

Samla skal fordjupingspraksisen gjera sitt til å fremje forståinga av profesjonell yrkesutøving i forhold til pasientane og også i forhold til andre yrkesgrupper.

Veileder i ekstern klinisk praksis må være psykologspesialist eller ha tilsvarande praksiserfaring og kompetanse. Praksisen som tilbys skal være i samsvar med retningslinjene for ekstern klinisk fordypningspraksis.

Praksisplassen må tilby pasientkontakt jfr Forskrift om nasjonal retningslinje for psykologutdanning - Lovdata §§23.